

TINN KOMMUNE
Økonomienheten

07/00734-71

KS
Haakon VII gt.9 postboks 1378
0114 Oslo

U.off. ihht: Offl. § 4

Att.: Evy Hillestad

Deres ref:

Vår ref
2007/3631-2

Saksbeh:
Ann-Merete Haugen, tlf.

Arkivkode:
033

Dato:
15.01.2008

KS ber om høringssvar fra kommunene på rapporten fra Sørheimutvalget

Merknader til Telemarksforsking si utarbeiding av avgjerdsgrunnlag til K-14 utvalget. Tinn kommune stiller seg bak tilsvar fra Vinje og Tokke kommunar.

Skatteandelen

Utvalet tilrår at skatteandelen framleis skal utgjere om lag 50% av kommunens samla inntekter.

Merknad:

Kommunane er samd i at lokal forankring av inntektene er viktige incentiv i kommunane sitt arbeid for næringsutvikling og lokaldemokrati. Alle organisasjonar, også kommunane, må ha innflytelse på eige inntektsgrunnlag, og motivasjon for å prioritere skatteinnkrevjing.

Selskapsskatten

Utvalet tilrår at selskapsskatten avviklast som kommunal skatt.

Merknad:

Kommunane har hatt vanskar med å få innsyn i korleis denne komponenten i inntektssystemet vert berekna, samstundes som den varierer mykje frå år til år. Det er bustadkommunen som har ansvaret for å dekke etterspurnaden etter velferdstenester, og det synes mest rimeleg å knyte dette opp mot skatt på inntekt og formue. Ein stor utvalet sin konklusjon på dette punktet.

Inntektsutjamning

Utvalet tilrår å nytte ein modell med symmetrisk utjamning i botn, med ein tilleggskompensasjon for kommunar med skatteinntekter under 90% av

landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgrad og trekkprosent aukast med 5%-poeng til 60% innanfor den symmetriske delen av utjamninga.

Merknad:

Utvalet går lenger i inntektsutjamninga enn våre kommunar ønskjer. Argumentasjonen blir mykje den same som i forhold til skatteandelen. I tillegg vil ei auka inntektsutjamning stri mot det løpet som har vore lagt etter Rattsø I og II og i praksis gjere kommunane enno meir avhengige av staten. Kommunane går imot ein auke i inntektsutjamninga.

Distriktpolitiske tilskot

Utvalet tilrår å samle dagens regionalpolitiske ordningar (Nord-noreg-tilskotet og regionaltilskot) og ein del av skjønssramma inn i eit nytt distriktpolitisk tilskot, som følgjer det distriktpolitiske virkeområdet. Den delen av skjønssramma som gjeld gjeninnføring av differensiert arbeidsgjevaravgift er halde utanfor.

Merknad:

Det nye forslaget om eit distriktstilskot til erstatning for Nord-Noreg- og regionaltilskotet bør ha ein stegvis verknad - til dømes

- 100% verknad under 120 % skatteinntekt
- 80 % verknad for kommunar mellom mellom 120 og 130 % skatteinntekt
- 60 % verknad for kommunar mellom mellom 130 og 140 % skatteinntekt
- 40 % verknad for kommunar mellom mellom 140 og 150 % skatteinntekt
- 20 % verknad for kommunar mellom mellom 150 og 160 % skatteinntekt

(av landsgjennomsnittet).

Påstand: meir skatteutjamning må innebære at distriktstilskotet då femner om dei kommunane som misser "realverdien" av sine meirskatteinntekter.

Vekst, fråflytting og folketalsoppdatering

Utvalet ønskjer å halde på ordninga med oppdatering av innbyggjartalet, men vil setje telledato til 1. juli i året før budsjettåret. Kommunar som har ein høgare vekstrate enn det doble av den gjennomsnittlege veksten på landsbasis siste tre år, og som har lågare skatteinntekter enn 140 % av landsgjennomsnittet i same periode, skal få eit veksttilskot.

Merknad:

Endeleg innbyggjartal pr. 1 juli er ikkje klare før godt ut på hausten. Ei slik forskyving vil truleg ikkje hjelpe kommunane med folketalsnedgang i høve til arbeidet med budsjett/økonomiplan, sjølv om det vil motverke tapet i budsjettåret.

Folketalsoppdateringa må reverserast til gamal ordning med 1.1 i året før budsjettåret som teljedato. For å kome vekstkommunar, og andre, i møte må staten for kvart statsbudsjett kompensere for folketalsauken i landet (som regel over 1 % kvart år), og

legge meir midlar inn i inntektssystemet totalt sett. Dette har nesten ikkje til dags dato skjedd.

I staden for eit veksttilskot bør staten finne ordningar som motverkar den samfunnsmessig uheldige sentraliseringa. Dersom veksttilskotet kjem, stiller kommunane seg bak den føreslegne finansieringsmåten (trekk i skjønnpotten) men vil presisere at det må gjelde den delen som går til einskildkommunar.


Overgangsordninga

Utvalet vil innføre eit nytt trekk i rammetilskotet som finansiering av inntektsgarantiordninga.

Merknad:

Kommunane meiner at ei overgangsordning må finansierast utanfor inntektssystemet. Noko anna bidreg til auka uforutsigbarhet.

Med hilsen



Ann-Merete Haugen
Økonomisjef

Kopi til:
Rune Lødøen